

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK



HAGEBRUKS- TELJING 1985

CENSUS OF HORTICULTURE 1985

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK B 708



**HAGEBRUKSTELJING
1985**

CENSUS OF HORTICULTURE
1985

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO – KONGSVINGER 1987

ISBN 82-537-2519-1
ISSN 0801-7107

EMNEGRUPPE

41 Jordbruk, skogbruk, jakt, fiske og fangst

ANDRE EMNEORD

Bærdyrking

Fruktdyrking

Gartnerier

Grønnsakdyrking

Veksthus

FORORD

Denne publikasjonen har med tabellar for alle greinene av hagebruket, som var med i Hagebruksteljinga 1985. Det gjeld veksthusgartneri, grønsakdyrking på friland, bær dyrking og fruktdyrking.

Resultat frå hagebruksteljinga er tidlegare publiserte i Statistisk ukehefte.

Meir detaljert statistikk enn publisert i dette heftet kan ein få frå utrykte tabellar. Byrået kan også i ei viss utstrekning ta på seg spesialbearbeiding av teljingsmaterialet.

Førstekonsulent Anders Falnes har leia arbeidet med Hagebruksteljinga 1985.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo/Kongsvinger, 2. juli 1987

Gisle Skancke

Sigurd Lianes

PREFACE

In this publication census results for all sections of horticulture covered by the Census of Horticulture 1985 are presented. These sections are: Greenhouse nurseries, field grown vegetables, berries and fruits.

Census results have previously been published in the series Weekly Bulletin of Statistics.

More detailed results than those being published here, may be obtained from unprinted tables. Furthermore, to a certain extent special tabulations may be prepared against fee.

Mr. Anders Falnes has been responsible for carrying out the Census of Horticulture 1985.

Central Bureau of Statistics, Oslo/Kongsvinger, 2 July 1987

Gisle Skancke

Sigurd Lianes

INNHALD

	Side
Tabellregister	7
Tekstdel	
1. Tidlegare teljingar i hagebruket	11
2. Planlegging og gjennomføring av Hagebruksteljing 1985	12
3. Kvaliteten på oppgåvene	13
4. Definisjonar	14
Samandrag på engelsk	15
Tabelldel	
1. Hagebruk generelt	17
2. Veksthusgartneri	83
3. Grønsakdyrking på friland	114
4. Bærdyrking	131
5. Fruktdyrking	149
Vedlegg	
1. Rundskriv til ordførarane, landbruksnemndene og kommunekasserarane	185
2. Rundskriv til landbruksnemndene	187
3. Hagebruksteljing 1. juni 1985. Oppgåveskjema	189
4. Reglar for skjemautfyllinga	193
Utkomne publikasjonar	
Tidlegare teljingar i jord- og hagebruk	197
Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå etter 1. juli 1986. Emneinndelt oversikt	199
Standardar for norsk statistikk (SNS)	205

Standardteikn i tabellar

- .. Oppgåve manglar
- : Tal kan ikkje offentleggjerast
- Null
- 0 Mindre enn 0,5 av den brukte eininga

CONTENTS

	Page
Index of tables	9
Text	
1. Previous censuses of horticulture	11
2. Planning and taking of the Census of Horticulture 1985	12
3. Quality of census returns	13
4. Definitions	14
Summary in English	15
Tables	
1. Horticulture in general	17
2. Greenhouse nurseries	83
3. Field grown vegetables	114
4. Field grown berries	131
5. Orchards	149
Annexes	
1. Circular to the Mayors, the Local Agricultural Boards and the Municipality Treasurers	185
2. Circular to the Local Agricultural Boards	187
3. Census of Horticulture 1 June 1985. Questionnaire	189
4. Instructions for completing the census questionnaire	193
Publications	
Previous censuses of agriculture and horticulture	197
Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 July 1986. Subject-matter arranged survey	199
Standards for Norwegian Statistics (SNS)	205

Explanation of Symbols in Tables

- .. Data not available
- : Not for publication
- Nil
- 0 Less than 0.5 of unit employed

TABELLREGISTER

	Side
HAGEBRUK GENERELT	
1. Talet på einingar med hagebruk i alt og talet på einingar med ulike greiner av hagebruk. Fylke/ymse strukturinndelingar. 1969, 1979 og 1985	20
2. Areal nytta til veksthus, grønnsaker på friland, jordbær, solbær og bringebær. Talet på frukttre. Fylke/ymse strukturinndelingar. 1969, 1979 og 1985	26
3. Jordbruksarealet etter bruken. Fylke/ymse strukturinndelingar	32
4. Husdyr pr. 1. juni 1985. Fylke/ymse strukturinndelingar	38
5. Personlege oppgåvegivarar etter alder pr. 1. juni 1985. Fylke/ymse strukturinndelingar ..	41
6. Personlege oppgåvegivarar etter oppgåveeininga som inntektskjelde. Fylke/ymse strukturinndelingar	44
7. Einingar med hagebruk etter kor stor del av nettoinntekta frå oppgåveeininga som kjem frå hagebruk i alt, og frå ulike greiner i hagebruket. Fylke/ymse strukturinndelingar ...	46
8. Hagebruk som inntektskjelde for personlege oppgåvegivarar. Fylke/ymse strukturinndelingar	52
9. Talet på einingar med sal av hagebruksprodukt, etter viktigaste omsetningsform. Fylke/ymse strukturinndelingar. 1984	58
10. Salsverdien av hagebruksprodukt i 1984, etter omsetningsform. Fylke/ymse strukturinndelingar. Prosent	64
11. Arbeidsinnsats på oppgåveeininga. 14. april 1984 - 13. april 1985. Fylke/ymse strukturinndelingar	70
12. Fagutdanning. Oppgåveeiningar der oppgåvegivar og/eller ektemake har fagutdanning. Fylke/ymse strukturinndelingar	73
13. Lagerrom for hagebruksprodukt. Vatningsanlegg for vatning på friland. Fylke/ymse strukturinndelingar	76
VEKSTHUSGARTNERI	
14. Veksthusgartneri. Talet på einingar og veksthusareal, etter storleiken på einingane. Fylke/ymse strukturinndelingar	84
15. Veksthusgartneri. Veksthus med og utan varmeanlegg. Fylke/ymse strukturinndelingar	90
16. Veksthusgartneri. Byggjemateriale i veksthus utan varmeanlegg. Fylke/ymse strukturinndelingar	91
17. Veksthusgartneri. Byggjemateriale i veksthus med varmeanlegg. Fylke/ymse strukturinndelingar	92
18. Veksthusgartneri. Bruttoinvestering i veksthus, innreingar og tilhøyrande driftsbygningar. Fylke/ymse strukturinndelingar. 1982 - 1984	94
19. Veksthusgartneri. Energiforbruk i driftsåret 1984. Fylke/ymse strukturinndelingar	95
20. Veksthusgartneri. Vekstlys. Tal armaturar og energiforbruk til vekstlys i 1984. Fylke/ymse strukturinndelingar	96
21. Veksthusgartneri. Einingar med ymse slag veksthusproduksjon (ferdigvarer) kalenderåret før teljingsåret. Fylke/ymse strukturinndelingar	97
22. Veksthusgartneri. Dyrking av grønnsaker (ferdigvarer) i veksthus kalenderåret før teljingsåret. Fylke/ymse strukturinndelingar	98
23. Veksthusgartneri. Dyrking av snittblomstrar (ferdigvarer) i veksthus kalenderåret før teljingsåret. Fylke/ymse strukturinndelingar	100
24. Veksthusgartneri. Talet på einingar som produserte blomstrande potteplanter (ferdigvarer) kalenderåret før teljingsåret. Fylke/ymse strukturinndelingar	102
25. Veksthusgartneri. Blomstrande potteplanter (ferdigvarer) produsert kalenderåret før teljingsåret. Fylke/ymse strukturinndelingar	104
26. Veksthusgartneri. Talet på einingar som produserte dekorasjonsplanter (ferdigvarer), kalenderåret før teljingsåret. Fylke/ymse strukturinndelingar	106
27. Veksthusgartneri. Dekorasjonsplanter (ferdigvarer) produsert kalenderåret før teljingsåret. Fylke/ymse strukturinndelingar	108
28. Veksthusgartneri. Einingar fordelte etter kor mange kulturar (ferdigvarer) dei dyrka, kalenderåret før teljingsåret. Fylke/ymse strukturinndelingar	110
29. Veksthusgartneri. Kommune	111

GRØNSAKDYR KING PÅ FRILAND

30. Grønsakdyrking på friland. Talet på einingar og grønsakareal, etter storleiken på grønsakarealet ved dei enkelte einingane. Fylke/ymse strukturinndelingar	116
31. Grønsakdyrking på friland. Dyrking av enkelte vekstar. Fylke/ymse strukturinndelingar .	120
32. Grønsakdyrking på friland. Einingane fordelte etter kor mange grønsakvekstar dei dyrka. Fylke/ymse strukturinndelingar	126
33. Grønsakdyrking på friland. Dyrking av enkelte vekstar. Kommune	127

BÆRDYR KING

34. Bærdyrking. Einingar med jordbær og jordbærareal, etter dyrkingsomfang. Alder på plantefelt. Bruk av plast eller andre dekkematerialar over plantene. Fylke/ymse strukturinndelingar	132
35. Bærdyrking. Jordbærareal etter sort og etter alder på plantefelt. Fylke/ymse strukturinndelingar	134
36. Bærdyrking. Einingar med solbær og solbærareal, etter dyrkingsomfang. Haustemetode. Alder på plantefelt. Fylke/ymse strukturinndelingar	136
37. Bærdyrking. Einingar med bringebær og bringebærareal, etter dyrkingsomfang. Alder på plantefelt. Fylke/ymse strukturinndelingar	138
38. Bærdyrking. Tal einingar med ymse kombinasjonar av bærproduksjon. Fylke/ymse strukturinndelingar	139
39. Bærdyrking. Einingar med jordbær etter dyrkingsomfang. Jordbærareal etter alder på plantefelt. Bruk av plast eller andre dekkematerialar over plantene. Kommune	140
40. Bærdyrking. Einingar med solbær etter dyrkingsomfang. Solbærareal etter alder på plantefelt. Kommune	144
41. Bærdyrking. Einingar med bringebær etter dyrkingsomfang. Bringebærareal etter alder på plantefelt. Kommune	146

FRUKTDYR KING

42. Fruktdyrking. Einingar med frukttre og talet på tre, etter art og sort. Heile landet. 1969, 1979 og 1985. Frukttre i 1985 etter planteperiode og art/sort. Heile landet og fylka med mest fruktdyrking	150
43. Fruktdyrking. Einingar med frukttre og talet på tre, etter dyrkingsomfang. Fylke/ymse strukturinndelingar	152
44. Fruktdyrking. Talet på frukttre etter art og sort. Fylke/ymse strukturinndelingar	154
45. Fruktdyrking. Areal tilplanta med frukttre, etter art og sort. Fylke/ymse strukturinndelingar. Dekar	158
46. Fruktdyrking. Frukttre etter planteperiode. Areal tilplanta med frukttre, etter art og planteperiode. Fylke/ymse strukturinndelingar	162
47. Fruktdyrking. Einingane fordelt etter kor mange frukttre dei hadde pr. dekar. Fylke/ymse strukturinndelingar	164
48. Fruktdyrking. Einingar med frukttre. Talet på frukttre etter art og sort. Kommune	166
49. Fruktdyrking. Frukttre etter planteperiode. Areal tilplanta med frukttre, etter art og planteperiode. Kommune	178

INDEX OF TABLES

	Page
HORTICULTURE IN GENERAL	
1. Number of holdings, total, in horticulture and number of holdings in various sectors of horticulture. County/various structural classifications. 1969, 1979 and 1985	20
2. Area used for greenhouse nurseries, field grown vegetables, strawberries, black currants and raspberries. Number of fruit trees. County/various structural classifications. 1969, 1979 and 1985	26
3. Agricultural area by use. County/various structural classifications	32
4. Livestock per 1 June 1985. County/various structural classifications	38
5. Personal respondents by age per 1 June 1985. County/various structural classifications	41
6. Personal respondents by the reporting unit as source of income. County/various structural classifications	44
7. Holdings by part of net income contributed by horticulture and by different branches of horticulture. County/various structural classifications	46
8. Horticulture as source of income for personal respondents. County/various structural classifications	52
9. Number of holdings by principal way of marketing horticultural products. County/various structural classifications. 1984	58
10. Sales value of horticultural products in 1984, by ways of marketing. County/various structural classifications. Per cent	64
11. Labour input on the holding 14 April 1984 - 13 April 1985. County/various structural classifications	70
12. Vocational training. Holdings where respondent and/or spouse have vocational training. County/various structural classifications	73
13. Storage for horticultural products. Outdoor irrigation plants. County/various structural classifications	76
GREENHOUSE NURSERIES	
14. Greenhouse nurseries. Number of holdings and area, by size of area used for greenhouses. County/various structural classifications	84
15. Greenhouse nurseries. Heated and unheated greenhouses. County/various structural classifications	90
16. Greenhouse nurseries. Building materials used for unheated greenhouses. County/various structural classifications	91
17. Greenhouse nurseries. Building materials used for heated greenhouses. County/various structural classifications	92
18. Greenhouse nurseries. Gross investments in greenhouses, installations and related buildings. County/various structural classifications. 1982 - 1984	94
19. Greenhouse nurseries. Consumption of energy in the working year 1984. County/various structural classifications	95
20. Greenhouse nurseries. Growlight. Number of growlight fittings and energy consumption by growlights in 1984. County/various structural classifications	96
21. Greenhouse nurseries. Holdings by kind of production (for sale to consumers) the calendar year before the census. County/various structural classifications	97
22. Greenhouse nurseries. Cultivation of vegetables (for sale to consumers) in greenhouses the calendar year before the census. County/various structural classification	98
23. Greenhouse nurseries. Cultivation of cut flowers (for sale to consumers) in greenhouses the calendar year before the census. County/various structural classifications..	100
24. Greenhouse nurseries. Number of holdings which produced flowering pot plants (for sale to consumers) the calendar year before the census. County/various structural classifications	102
25. Greenhouse nurseries. Flowering pot plants produced (for sale to consumers) the calendar year before the census. County/various structural classifications	104
26. Greenhouse nurseries. Number of holdings which produced foliage plants (for sale to consumers) the calendar year before the census. County/various structural classifications	106
27. Greenhouse nurseries. Foliage plants produced (for sale to consumers) the calendar year before the census. County/various structural classifications	108

28. Greenhouse nurseries. Holdings by number of species cultivated (for sale to consumers) the calendar year before the census. County/various structural classifications ...	110
29. Greenhouse nurseries. Municipality	111
FIELD GROWN VEGETABLES	
30. Field grown vegetables. Number of holdings and area, by size of area used for vegetables on individual holdings. County/various structural classifications	116
31. Field grown vegetables. Cultivation of various species. County/various structural classifications	120
32. Field grown vegetables. Holdings by number of species cultivated. County/various structural classifications	126
33. Field grown vegetables. Cultivation of various species. Municipality	127
FIELD GROWN BERRIES	
34. Field grown berries. Holdings with strawberries and area used for strawberries, by size of plantage. Age of plantage. Use of plastic or other plant cover. County/various structural classifications	132
35. Field grown berries. Area of strawberries by variety and by age of plantage. County/various structural classifications	134
36. Field grown berries. Holdings with black currants and area used for black currants, by size of plantage. Harvesting methods. Age of plantage. County/various structural classifications	136
37. Field grown berries. Holdings with raspberries and area used for raspberries, by size of plantage. Age of plantage. County/various structural classifications	138
38. Field grown berries. Holdings with various combinations of field grown berries. County/various structural classifications	139
39. Field grown berries. Holdings with strawberries by size of plantage. Area used for strawberries by age of plantage. Use of plastic or other plant cover. Municipality	140
40. Field grown berries. Holdings with black currants by size of plantage. Area used for black currants by age of plantage. Municipality	144
41. Field grown berries. Holdings with raspberries by size of plantage. Area used for raspberries by age of plantage. Municipality	146
ORCHARDS	
42. Orchards. Holdings with fruit trees and number of trees, by species and sort. The whole country 1969, 1979 and 1985. Fruit trees in 1985 by planting period and species/sort. The whole country and significant fruit growing counties	150
43. Orchards. Holdings with fruit trees and number of trees, by size of plantage. County/various structural classifications	152
44. Orchards. Number of fruit trees by species and sort. County/various structural classifications	154
45. Orchards. Area used for fruit trees, by species and sort. County/various structural classifications. Decares	158
46. Orchards. Fruit trees by planting period. Area used for fruit trees, by species and planting period. County/various structural classifications	162
47. Orchards. Holdings by number of fruit trees per decare. County/various structural classifications	164
48. Orchards. Holdings with fruit trees. Number of fruit trees by species and sort. Municipality	166
49. Orchards. Fruit trees by planting period. Area used for fruit trees, by species and planting period. Municipality	178

1. TIDLEGARE TELJINGAR I HAGEBRUKET

Alt i slutten av førre hundreåret blei det gitt oppgåver for kjøkkenhagar i femårs-meldingane frå lensmennene. Resultata av desse femårsmeldingane er publiserte i serien Norges jordbruk og fædrift.

Frå dei enkelte bruk blei det første gong samla inn oppgåver for hagebruk ved den kombinerte Folke- og jordbruksteljinga i 1900. Den gongen blei det spurt om hageareal i alt og areal brukt til kjøkkenhagevekstar. Dessutan var det spørsmål om talet på frukttre i alt. Gulrot var spesifisert som rotfrukt på linje med potet, turnips og kålrot.

Ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1907 blei det spurt om arealet til kjøkkenhage og arealet til frukthage. Dessutan blei det spurt om talet på frukttre i alt. Ved jordbruksteljinga i 1918 var det med spørsmål om gulrot og kål på åker. Elles var spørsmåla dei same som i 1907.

Ved jordbruksteljinga i 1929 blei det samla inn vesentleg fleire oppgåver for hagebruket enn tidlegare. Talet på frukttre blei no delt på artene eple, pære, plomme og kirsebær. Det blei vidare spurt om talet på solbærbuskar, ripsbuskar og stikkelsbærbuskar og om areal til jordbær og til bringebær. I tillegg til gulrotarealet blei også arealet til kål spesifisert. For første gong blei det spurt om areal under glas og kor mykje av dette som blei brukt til tomat, agurk og blomstrar.

Teljinga i 1939 hadde om lag same omfang som teljinga i 1929 når det gjeld grønsaker, frukt og bær. Det blei likevel spesifisert nokre fleire grønsakslag. I 1939 blei det for første gong henta inn oppgåver på eige skjema for veksthusgartneri og planteskolar. Det var Norsk Gartnerforening som samla inn oppgåvene, men statistikken blei utarbeid i Statistisk Sentralbyrå. Ved å bruke eige skjema fekk ein med nokså mange spørsmål og dermed ein detaljert statistikk. Veksthus- og benkegartneria blei fordelte etter storleiken på arealet under glas. Elles var det inga storleiksfordeling etter omfanget av hagebruksdrift ved teljinga i 1939. Heller ikkje ved tidlegare teljingar var det inndeling av bruka etter omfanget av hagebruksdrifta.

Også i 1949 blei det samla inn opplysningar om veksthusgartneri og planteskolar på eige skjema. På hovudskjemaet blei det spesifisert nokre fleire grønsakslag. Elles var spesifikasjonane om lag som ved teljinga i 1939. Bearbeidinga var meir intensiv i 1949 enn i 1939, ettersom ikkje berre einingar med areal under glas blei grupperte etter storleik, men også frukthagane. Det blei vidare talt opp kor mange bruk som hadde grønsaker, jordbær, bringebær og bærbuskar.

Det blei etter kvart krav om meir detaljert analyse av fruktdyrkinga for sal. I 1955 blei det derfor gjennomført ei spesiell frukttreteljing i dei 60 kommunane i landet som på den tida hadde mest frukttre. Berre bruk med minst 50 tre var med i teljinga. Ved denne teljinga blei frukttrea spesifiserte på sort og planteperiode. Resultata er publiserte i Jordbruksstatistikk 1955.

Ved jordbruksteljinga i 1959 var det ikkje berre einingar med areal under glas og planteskolar det blei samla opplysningar for på tilleggsskjemaet, men også frukthagar. For frukthagane blei nytta om lag same spørsmåla som ved den spesielle teljinga i 1955. På hovudskjemaet blei det spurt om bruket hadde regulært sal eller tilfeldig sal av grønsaker, frukt og hagebær. Elles var omfanget av spørsmål vedkomande hagebruk om lag som i 1949. Også bearbeidingsgraden var om lag som i 1949, men bruka med bærbuskar blei delte i to grupper (inntil 50 buskar/over 50 buskar).

I 1965 blei det gjennomført ei ny frukttreteljing med om lag dei same spørsmåla som ved teljinga i 1955. Berre kommunar som i 1959 hadde over 1 000 frukttre på bruk med minst 50 tre, var med i teljinga. Desse kommunane hadde i alt 94 prosent av hagane og 97 prosent av frukttrea i hagar med over 50 tre. På grunn av store skadar på frukttrea vinteren 1965/66 blei det i 1966 gjennomført ei ny frukttreteljing. Føremålet var i første rekkje å finne ut kor stor del av frukttrea som var skadde eller øydelagde av frost, musegnaging osv.

Ved jordbruksteljinga i 1969 var spørsmåla på hovudskjemaet om lag av same omfang som ved teljinga i 1959. Tilleggsskjemaet for hagebruk var derimot sterkt utvida, og i tillegg til veksthusgartneri, frukthagar og planteskolar, var det denne gongen med spørsmål om grønsaker på friland, bærbuskar, jordbær og bringebær. Grensene for oppgåveplikt for dei enkelte avsnitta i tilleggsskjemaet var 100 m² areal under glas/plast, 1 dekar grønsaksareal på friland, 50 bærbuskar, 0,5 dekar bringebærareal, 0,5 dekar jordbærareal og 50 frukttre.

Teljinga i 1969 var den første jordbruksteljing bearbeidd med elektroniske datamaskinar. Ved denne teljinga hadde ein derfor høve til mykje meir intensiv bearbeiding av dataene enn ved tidlegare teljingar.

I 1974 blei det gjennomført hagebruksteljing utan tilknytning til ei spesiell jordbruksteljing. Stort sett tok ein sikte på å samle inn tilsvarande opplysningar som dei ein samla inn på tilleggsskjemaet for hagebruk i 1969. For å sjå kva tilknytning hagebruket hadde til jordbruk, var det i 1974 også med spørsmål om omfanget av jordbruksdrift.

Ved landbruksteljinga i 1979 var spørsmåla om hagebruk av om lag same omfang som ved jordbruksteljinga i 1969.

2. PLANLEGGING OG GJENNOMFØRING AV HAGEBRUKSTELJING 1985

Som nemnt tidlegare, var det spesielle teljingar for frukthagar i 1955 og 1965 og ei meir generell hagebruksteljing i 1974. Elles har ikkje Byrået hatt spesielle hagebruksteljingar utanom dei fullstendige jordbruksteljingane som blir haldne med 10 års mellomrom.

Hagebruksnæringa er sterkt konjunkturfølsam og forholda innafor næringa skifter forholdsvis fort. Det har derfor vore hevda at 10 år er altfor langt tidsrom mellom teljingane. I samsvar med vedtak i Stortinget 15. november 1984 og i medhald av lov av 25. april 1907, nr. 2, avgjorde derfor Finansdepartementet at det skulle haldast hagebruksteljing i 1985. Statistisk Sentralbyrå fekk i oppdrag å gjennomføre teljinga med hjelp frå landbruksnemdene i kommunane.

Vinteren 1984/85 blei det nedsett eit rådgivande utval for teljinga med representantar for Gartnerhallen, Landbruksdepartementet, Norges bondelag, Norsk Gartnerforbund og Statistisk Sentralbyrå. Utvalet gav råd om kva teljinga skulle omfatte. Det blei utarbeidd skjema med eigne avsnitt for veksthusgartneri, grønsaker på friland, bær og frukt. Dessutan var det eit avsnitt på skjemaet som skulle fyllast ut av alle oppgåvepliktige einingar. Spørsmåla i dette avsnittet skulle i første rekke vise kva tilknytning eininga hadde til vanleg jordbruksdrift.

Oppgåvepliktige var alle som fylte eitt eller fleire av følgjande krav:

1. Minst 300 m² veksthusareal utanom planteskole
2. " 2 dekar grønsaker på friland
3. " 1 " jordbærareal
4. " 1 " bringebærareal
5. " 1 " solbærareal
6. " 50 frukttre.

Bortsett frå punkt 5 og at ein skulle sjå bort frå vekstbenkar ved fastsettinga av areal under glas/plast (punkt 1), var dette dei same vilkåra som vart sette for å fylle ut tilleggsskjema for hagebruk ved Landbruksteljing 1979.

Teljingsdatoen blei sett til 1. juni, som frå og med 1985 også har vore teljingsdato for dei årlege utvalsteljingane i jordbruket. Teljingsdatoen ved tidlegare teljingar i jord- og hagebruk har vore 20. juni.

Teljarar, oppnemnde av landbruksnemnda i kommunen, skulle oppsøkje dei som var oppgåvepliktige og fylle ut skjema for desse. Til hjelp i arbeidet med å finne fram til alle oppgåvepliktige einingar, fekk landbruksnemndene ei liste med namn og adresse på dei som gav oppgåve på tillegsskjema for hagebruk ved landbruksteljinga i 1979. Dei fekk også ei liste over bruk som ifølgje opplysningar gitt på Søknads- og registreringskjemaer for produksjonstillegg i jordbruket pr. 1. august 1984, hadde visse minsteareal av hagebruksvekstar.

I dei kommunane det var aktuelt, fekk landbruksnemnda i tillegg ei liste over einingar som sommaren 1985 dyrka grønsaker eller bær etter kontrakt med konservfabrikkar.

Teljingsarbeidet skulle vere avslutta innan 10. august. Pr. 16. august hadde 231 av i alt 376 kommunar med oppgåvepliktige einingar sendt inn skjemaene. Frå den siste kommunen kom skjemaene 5. desember.

Opplysningane frå teljingskjemaene har vore gjennom omfattande kontrollrutiner, både manuelt og ved hjelp av EDB. Dei første resultatane frå teljinga blei publiserte i førstninga av februar 1986.

3. KVALITETEN PÅ OPPGÅVENE

Oppgåvene frå dei enkelte einingane er grunnlaget for resultatane ein kjem fram til ved teljingane. Kvaliteten av statistikken vil derfor i stor grad avhenge av kor gode oppgåver ein får frå dei enkelte oppgåvegivarane.

Skal ein få sikre oppgåver, må spørsmåla på teljingskjemaet vere slik utforma at dei ikkje kan mistydast. Den som skal svare må vite, eller lett finne fram til, kva svaret skal vere, og oppgåvegivaren må ikkje gi tendensiøse svar.

Ved teljingane i hagebruket blir det ikkje kravd at areala skal målast opp. Heller ikkje når det gjeld andre teljingsobjekt, er det meininga at det skal foregå oppmåling, opp- teljing e.l. i samband med utfyllinga av skjemaet. Det er ein føresetnad at oppgåvegivaren har så god kjennskap til eininga si at han kan gi rimeleg sikre svar på spørsmåla, enten direkte eller ved hjelp av notat, rekneskap e.l.

Ei årsak til feil i oppgåvene kan vere utydeleg skrift. Noka særleg feilkjelde er ikkje dette no. Stort sett er det teljarar som fyller ut skjemaene. Dei aller fleste av desse har tydeleg handskrift, og skulle nokon av dei skrive enkelte tal slik at dei kan mistydast, vil dette lettare bli oppdaga og retta under revisjonen enn dersom kvar oppgåvegivar skulle fylle ut skjemaet sjølv. Dette gjeld også eventuelle feilføringar på skjemaet.

Statistikken kan òg bli mindre god på grunn av at ikkje alle einingar kjem med i teljinga. Det er landbruksnemnda som er ansvarleg for at alle oppgåvepliktige einingar i deira kommune blir talde. I samband med landbruksteljingar vil det gå fram av opplysningar på hovudskjemaet kven som er oppgåvepliktig på tillegsskjemaet for hagebruk. Ved reine hagebruksteljingar er sjansane større for at enkelte einingar ikkje kjem med. Ein reknar likevel med at landbruksnemndene ved hjelp av dei listene som vart sende ut, fann dei fleste oppgåvepliktige einingane og at teljinga er nær komplett.

Stort sett har ein inntrykk av at både oppgåvegivarar og teljarar gjorde eit godt arbeid under teljinga. Oppgåvene har truleg blitt bedre frå teljing til teljing, ikkje minst fordi oppgåvegivarane har fått betre oversyn pga. oppmåling, planlegging, rekneskap mv.

Ikkje alle teljingsresultatane er likevel av same kvalitet. Stort sett er resultatane sikrast for velkjende teljingsobjekt som har vore med ved fleire teljingar. Resultatane frå spørsmåla om varmpumper til dømes, reknar ein for å vere så usikre at dei ikkje blir publiserte. Dei detaljerte spørsmåla om areal i frukthagen var også med for første gong ved denne teljinga, og kvaliteten på oppgåvene veksla mykje frå kommune til kommune. Men etter mykje etterarbeide og kontroll, reknar ein desse tala for å vere sikre nok for publisering.

Tala for energiforbruk til vekstlys kan også vere noko usikre, då mange veksthusgartneri ikkje har eigen elektrisitetmålar for vekstlys. Mange måtte derfor rekne seg fram til forbruket ved hjelp av tal lysstoffarmaturar og tal timar desse hadde vore i bruk.

Det er ikkje alltid lett å jamføre teljingsresultata med resultat frå tidlegare teljingar. Det kan vere endringar i definisjonen av ymse teljingsobjekt, dei geografiske einingane kan vere endra (grensereguleringar) og det kan vere ulike teljingsdatoar.

Utbygginga av statistikken fører elles til at ein for mange teljingsobjekt ikkje har tilsvarande opplysningar frå tidlegare teljingar.

4. DEFINISJONAR

I denne teljinga gjeld oppgåvene teljingsdatoen (1. juni 1985) dersom ikkje anna er nemnt i tabellane. Tilsvarande tal frå teljingane i 1969, 1974 og 1979 gjeld pr. 20. juni i dei respektive åra.

Alt det som ein oppgåvegivar åtte i ein kommune og det som han dreiv saman som ei driftseining i same kommune, skulle reknast som ei oppgåveeining.

På teljingseskjemaet skulle arealtal i dekar givast med ein desimal. I mange av tabellane i publikasjonen er tala avrunda til næraste heile dekar. Dette gjer at sumtala ikkje alltid stemmer heilt med summen av deltala.

Alderen til oppgåvegivarane gjeld fylte år på teljingsdatoen 1. juni 1985.

I tabellane blir det nytta fleire ulike forspalteinndelingar. Materialet (massen) blir dermed gruppert etter ulike kjenneteikn, og dette aukar informasjonmengda i tabellane. Sumtal for dei ulike forspalteinndelingane er berre tatt med når dei avvik frå totalsummen for heile landet.

SUMMARY IN ENGLISH

Previous censuses of horticulture

Statistical information concerning horticulture was initially collected at the combined census of population and agriculture in 1900. From 1907 separate agricultural censuses have been held by intervals of approximately 10 years. The latest completed agricultural census was held in 1979. The information collected concerning horticulture has increased from census to census.

Due to an increasing demand for a systematic analysis of fruit growing on a commercial basis, a special census for fruit growing was carried out in 1955. The census was limited to the 60 municipalities which at that time had most fruit trees. In these municipalities all holdings with at least 50 fruit trees were enumerated. The results from this census were published in Agricultural Statistics 1955. In 1965 a similar census was held, and the results were published in a separate publication Census of Fruit Trees 1965. Less detailed tables were published in Agricultural Statistics 1965. The agricultural censuses in 1959, 1969 and 1979 and the Census of Horticulture 1974 contained the same questions for holdings with at least 50 fruit trees as the censuses of 1955 and 1965.

The horticulture industry is strongly exposed to the state of the market, and therefore, 10 years is a too long interval between censuses. For this reason a census of horticulture was held on 20 June 1974. One aimed at collecting about the same information as collected on the additional questionnaire for horticulture at the census in 1969. To explain the connection between horticulture and agriculture, the census form in 1974 also included some questions relating to agriculture.

Census of Horticulture 1985

As referred to in the previous section, 10 years is a too long interval for census-taking in horticulture. The political authorities therefore decided to arrange a census of horticulture 1 June 1985.

All respondents who fulfilled one or more of the following conditions were required to fill in a questionnaire.

1. All operating at least 300 m² of greenhouses
2. All operating at least 2 decares of field grown vegetables
3. All operating at least 1 decare of strawberry beds
4. All operating at least 1 decare of raspberry plantations
5. All operating at least 1 decare of black currant plantations
6. All with at least 50 fruit trees.

The census questionnaire contained separate sections for each of the six mentioned fields of censustaking. In addition there was a general section which had to be filled in by all respondents. The questions in this section should in the first place display the links between horticulture and farming in general.

The enumeration date was set to 1 June, which from 1985 on also has been the enumeration date of the annual sample surveys in agriculture. The enumeration date of previous censuses in agriculture and horticulture has been 20 June.

The census was to be administered by the local agricultural boards, they should hire enumerators (census takers) and supervise the work.

The information on the census questionnaires was thoroughly screened, both manually and with the help of computers. The quality of census returns varied considerably between municipalities, and it was regarded necessary to contact several local agricultural boards for further information. The publication of results started February 1986.

Principles and definitions

When nothing else is mentioned, the figures refer to the census date, 1 June 1985.

Area figures were reported in the census forms with one decimal. In many of the tables in this publication, area figures are rounded off (given without decimal). This means that aggregating the sub-figures does not exactly give the sum figures.

All figures relating to net income refer to personal respondents and their spouses.

Table 9 comprises only holdings which within the different sections of horticulture had at least 51 per cent of the crop value registered on one way of marketing.

For the calculations underlying table 10 it is assumed that for holdings with greenhouses, for holdings with field grown vegetables and for holdings with berries, the value of sales is the same per unit of area, regardless of kind of crop cultivated. For holdings with fruit it is similarly assumed that the value of sales is the same per tree regardless of species and sort. The relative figures in table 10 can therefore be correct only if there were the same relative distribution of crops for all ways of marketing. This is of course not true, but it is assumed that the figures show the right general relation between different ways of marketing.

The number of species cultivated (table 28) will only be approximately correct, because the entries (in the questionnaire) Other flowering pot plants (132) and Other foliage plants (146) might cover more than one species. Similarly the entries Other cabbage and kale (190-191) and Other vegetables (227-228) might cover more than one species (table 32).

1. HAGEBRUK GENERELT

1.1. Bruk av tabellane

Tabellane i dette avsnittet (tabellane 1-13) gir med få unntak opplysningar frå den delen av skjemaet som alle skulle svare på. Tabellane omfattar derfor einingar som fyller eitt eller fleire av følgjande krav:

1. Minst 300 m² veksthusareal utanom planteskole
2. " 2 dekar grønsakareal på friland
3. " 1 " jordbærareal
4. " 1 " bringebærareal
5. " 1 " solbærareal
6. " 50 frukttre.

Alle tal som har med nettoinntekt å gjere omfattar ikkje upersonlege oppgåvegivarar.

I arealtala for frukthage i tabell 3 er areala av mellomkulturar ikkje inkludert.

Tabell 9 omfattar berre einingar som innan ulike greiner av hagebruket hadde minst 51 prosent av omsetninga registrert på ei omsetningsform.

Ved utrekningane i tabell 10 er det for einingar med veksthusareal, for einingar med grønsaker på friland og for einingar med bær, rekna med at salsverdien pr. arealeining har vore den same utan omsyn til kva vekstar arealet har vore nytta til. For einingar med frukt er det tilsvarande rekna med at salsverdien pr. tre har vore den same utan omsyn til art og sort. Prosenttala i tabell 10 kan derfor berre bli heilt rette dersom det relative dyrkingsomfanget av dei enkelte vekstane var det same for alle salsmåtar. Dette er sjølvstykkt ikkje tilfelle, men avviket er neppe større enn at tabellen i grove trekk viser forholdet mellom ulike former for omsetning.

1.2. Samanlikning med tidlegare teljingar

I dei tilfella ein har samanliknbare tal frå teljingane i 1969 og 1979, er landstal frå desse teljingane med i tabellane. Tabellane 1 og 2 gir i tillegg ein del samanliknbare tal for fylke og ulike forspalteinndelingar.

Når det gjeld veksthus må ein vere merksam på at vekstbenkareal var likestilt med veksthusareal i teljingane i 1969 og 1979. Vekstbenkar vart ikkje registrerte ved teljinga i 1985, da ein reknar med at dei er på veg ut. I 1969 og 1979 utgjorde arealet av vekstbenkar 301 dekar og 119 dekar. Plasthus utan oppvarming er i ferd med å overta den produksjonen som tidlegare gjekk føre seg i vekstbenkane (vesentleg tiltrekking av planter). Ein reknar derfor med at tala for dei ulike teljingane stort sett kan samanliknast.

For solbær var minstegrensa for oppgåveplikt ved denne teljinga 1 dekar. Ved teljingane i 1969, 1974 og 1979 var minstegrensa for oppgåveplikt 50 bærbuskar (rips, stikkelsbær, solbær). I tillegg til tal bærbuskar, registrerte ein ved dei tidlegare teljingane areal tilplanta med ulike slag bærbuskar, slik at ein har tal som kan samanliknast med solbærtala frå teljinga i 1985.

1.3. Nokre hovudresultat

Det var i alt 7 640 einingar som pr. 1. juni 1985 oppfylte eitt eller fleire av dei krava som var sette for å vere oppgåvepliktige til hagebruksteljinga. Pr. 20. juni i 1969 og i 1979 var det 13 105 og 9 097 einingar som oppfylte krava. Det vil seie at nedgangen i talet på einingar dei seinare åra har vore om lag som i perioden frå 1969 til 1979.

Talet på einingar som var oppgåvepliktige for veksthus, grønnsaker på friland, jordbær, solbær og frukttre gjekk ned med frå 14 til 17 prosent frå 1979. Berre for bringebær-dyrking hadde vi ein auke i talet på oppgåvepliktige einingar (9 prosent).

Solbærarealet har auka med heile 32 prosent sidan 1979. Grønnsakarealet på friland og bringebærarealet har auka svakt, medan jordbærarealet er om lag like stort som i 1979. Veksthusarealet og arealet nytta til fruktdyrking viser ein svak nedgang.

Teljinga viser at ein innafor hagebruket, som i jordbruket elles, har hatt struktur- endringar. Det er blitt færre små og fleire etter måten store einingar.

Teljinga viser elles at gjennomsnittsalderen på oppgåvegivarane er blitt lågare (tabell 5). I 1969 var gjennomsnittsalderen 51,2 år, i 1979 50,0 år og i 1985 48,8 år. Mellom dei personlege oppgåvegivarane er det blitt relativt færre med minst 90 prosent av nettoinntekta frå oppgåveeininga (tabell 6). Samstundes er det blitt relativt fleire av dei som driv hagebruk som får det meste av inntekta på oppgåveeininga frå hagebruket (tabell 7.). Også for desse er det likevel ein tendens til at delen av inntekta som blir henta utanom oppgåveeininga aukar (tabell 8).

Frå 14. april 1984 til 13. april 1985 vart det totalt utført 22,8 mill. timeverk på dei einingane som gav oppgåve til teljinga. Om lag ein tredel av desse timeverka vart utførde av kvinner. Av samla arbeidsinnsats på oppgåveeiningane var 58 prosent eller 13,2 mill. timeverk nedlagt i hagebruket.

2 322 einingar eller 24 prosent gav opp at dei hadde lagerrom som var bygd eller innreia for hagebruksprodukt.

TABELL 1. TALET PÅ EININGAR MED HAGEBRUK I ALT OG TALET PÅ EININGAR MED ULIKE GREINER AV HAGEBRUK. FYLKE/YMSE STRUKTURINNDELINGAR. 1969, 1979 OG 1985¹

	HAGEBRUK I ALT Horticulture, total			VEKSTHUSGARTNERI Greenhouse nurseries			GRØNSAKER PÅ FRILAND Field grown vegetables		
	1969	1979	1985	1969	1979	1985	1969	1979	1985
	HEILE LANDET The whole country	13105	9097	7640	1970	1549	1310	4097	3228
FYLKE County									
01 ØSTFOLD	587	397	348	114	78	70	359	263	233
02/03 AKERSHUS OG OSLO	558	341	279	193	140	105	172	121	84
04 HEDMARK	933	635	544	71	52	67	217	200	190
05 OPPLAND	319	268	228	56	51	37	165	153	113
06 BUSKERUD	1046	689	565	131	125	124	268	238	214
07 VESTFOLD	972	772	640	131	126	89	563	472	398
08 TELEMARKE	640	452	369	57	41	43	174	122	92
09 AUST-AGDER	456	326	260	58	56	44	238	216	157
10 VEST-AGDER	330	196	148	48	43	35	106	79	63
11 ROGALAND	2151	1222	951	719	476	362	960	540	392
12 HORDALAND	1519	1009	916	149	120	105	106	101	88
14 SOGN OG FJORDANE	1704	1360	1223	34	33	27	66	136	145
15 MØRE OG ROMSDAL	595	344	284	62	64	62	170	85	101
16 SØR-TRØNDELAG	352	279	196	51	33	30	83	43	50
17 NORD-TRØNDELAG	723	559	423	47	60	44	303	307	217
18 NORDLAND	124	158	151	26	31	40	75	91	78
19 TROMS	87	81	106	19	14	22	66	57	55
20 FINNMARK	9	9	9	4	6	4	6	4	5

JORDBRUKSAREAL I DRIFT. DEKAR
Agricultural area in use. Decares

1. - 4,9	1886	706	561	556	328	289	107	29	20
2. 5,0- 19,9	2418	1920	1335	434	407	329	447	434	237
3. 20,0- 49,9	3157	2160	1858	373	318	256	808	631	506
4. 50,0- 99,9	3261	2152	1802	305	216	199	1243	813	646
5. 100,0-199,9	1674	1398	1297	173	180	153	1002	807	718
6. 200,0-299,9	388	418	419	57	41	39	270	279	280
7. 300,0-499,9	232	249	264	43	36	25	161	172	197
8. 500,0-	89	94	104	29	23	20	59	63	71

KORNAREAL. DEKAR
Grain area. Decares

1. UTAN KORNAREAL Without grain area	5891	4896	..	1187	1003	..	1395	1107
2. 0,1- 19,9	686	454	..	119	66	..	327	235
3. 20,0- 49,9	812	659	..	96	95	..	463	370
4. 50,0- 99,9	735	667	..	65	76	..	429	365
5. 100,0-199,9	633	579	..	46	44	..	401	344
6. 200,0-	340	385	..	36	26	..	213	254

MJØLKEKYR Cows

1. UTAN MJØLKEKYR Without cows	7635	6603	..	1374	1187	..	2749	2307
2. 1- 4	415	155	..	19	4	..	70	18
3. 5- 9	458	319	..	23	21	..	113	85
4. 10-19	374	407	..	73	59	..	153	161
5. 20-	215	156	..	60	39	..	143	104

VEKSTHUSAREAL. M²
Area of greenhouses. M²

ALLE All	1970	1549	1310	1970	1549	1310	639	511	411
1. 300- 999	1332	889	714	1332	889	714	421	314	263
2. 1000-1999	438	414	351	438	414	351	152	135	95
3. 2000-4999	160	197	189	160	197	189	51	51	43
4. 5000-	40	49	56	40	49	56	15	11	10

¹ OMFANG: SJÅ TEKSTDEL, SIDE 17.

Number of holdings, total, in horticulture and number of holdings in various sectors of horticulture.
County/various structural classifications. 1969, 1979 and 1985¹

JORDBÆR Strawberries			SOLBÆR Black currants			BRINGEBÆR Raspberries			FRUKTTRE Fruit trees			
1969	1979	1985	1969	1979	1985	1969	1979	1985	1969	1979	1985	
3423	2564	2128	770	472	405	857	798	872	5131	3108	2603	
142	106	69	23	18	14	19	19	26	58	25	9	01
84	64	76	60	15	13	61	26	24	131	63	52	02/03
486	295	235	185	126	114	51	46	43	135	95	75	04
57	67	64	39	29	18	13	14	27	54	26	20	05
371	279	200	61	31	20	113	74	68	546	291	230	06
326	229	169	33	14	14	49	40	35	157	107	106	07
93	107	85	37	28	22	26	27	26	359	236	199	08
197	95	85	11	4	7	29	19	19	102	43	34	09
88	52	53	12	12	7	14	6	14	148	64	33	10
161	118	131	83	32	29	49	27	38	560	255	182	11
264	208	207	52	55	39	52	41	54	1213	761	700	12
282	248	186	46	34	36	246	397	435	1447	1031	897	14
208	150	113	27	5	10	44	28	31	174	94	60	15
232	213	121	18	10	14	7	4	7	12	4	2	16
387	253	208	78	51	42	83	29	21	33	13	4	17
28	59	72	4	6	4	-	-	3	2	-	-	18
17	21	54	1	2	2	1	1	1	-	-	-	19
-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	20
420	139	107	208	42	26	91	30	31	599	167	124	1.
656	470	324	168	111	85	161	162	138	1080	765	561	2.
976	619	561	163	117	94	263	256	307	1520	992	878	3.
882	716	553	113	102	80	224	233	251	1352	786	673	4.
367	420	382	65	63	72	68	73	96	411	279	261	5.
72	125	120	20	14	22	22	22	32	74	48	47	6.
35	60	51	19	16	14	13	16	12	67	45	36	7.
15	15	30	14	7	12	15	6	5	28	26	23	8.
..	1541	1286	..	295	237	..	604	677	..	2570	2142	1.
..	233	152	..	44	36	..	53	41	..	98	61	2.
..	268	212	..	53	42	..	45	50	..	142	113	3.
..	244	202	..	37	41	..	52	48	..	136	128	4.
..	195	178	..	27	26	..	30	37	..	106	107	5.
..	83	98	..	16	23	..	14	19	..	56	52	6.
..	2181	1899	..	420	361	..	637	744	..	2546	2223	1.
..	117	37	..	16	8	..	68	30	..	233	99	2.
..	151	71	..	13	14	..	58	54	..	203	160	3.
..	86	96	..	14	15	..	22	37	..	89	97	4.
..	29	25	..	9	7	..	13	7	..	37	24	5.
214	204	155	51	35	36	68	56	46	214	135	99	
152	138	101	38	17	21	48	37	27	157	70	53	1.
39	50	32	9	10	9	11	14	13	40	39	27	2.
18	12	20	2	6	5	6	2	6	10	19	13	3.
5	4	2	2	2	1	3	3	-	7	7	6	4.

¹ Coverage: See Text page 15.

TABELL 1 (FRAMH.). TALET PÅ EININGAR MED HAGEBRUK I ALT OG TALET PÅ EININGAR MED ULIKE GREINER AV HAGEBRUK. FYLKE/YMSE STRUKTURINDELINGAR. 1969, 1979 OG 1985¹

		HAGEBRUK I ALT			VEKSTHUSGARTNERI			GRØNSAKER PÅ FRILAND		
		1969	1979	1985	1969	1979	1985	1969	1979	1985
GRØNSAKER PÅ FRILAND. DEKAR										
Field grown vegetables. Decares										
ALLE	All	4097	3228	2675	639	511	411	4097	3228	2675
1.	2,0- 4,9	1718	1018	746	205	121	90	1718	1018	746
2.	5,0- 9,9	979	787	590	150	114	65	979	787	590
3.	10,0-19,9	752	656	540	114	102	89	752	656	540
4.	20,0-49,9	531	589	580	104	109	104	531	589	580
5.	50,0-99,9	92	147	164	43	46	45	92	147	164
6.	100,0-	25	31	55	23	19	18	25	31	55
JORBÆRAREAL. DEKAR										
Area of strawberries. Decares										
ALLE	All	3423	2564	2128	214	204	155	632	582	517
1.	1,0- 1,9	1512	744	587	78	63	45	192	138	111
2.	2,0- 4,9	1354	968	703	87	70	55	278	203	173
3.	5,0- 9,9	384	450	382	32	38	25	104	119	84
4.	10,0-19,9	121	270	282	13	22	13	41	72	83
5.	20,0-	52	132	174	4	11	17	17	50	66
SOLBÆRAREAL. DEKAR										
Area of black currants. Decares										
ALLE	All	770	472	405	51	35	36	81	66	66
1.	1,0- 1,9	495	194	142	25	14	14	39	18	18
2.	2,0- 4,9	221	163	100	23	11	13	37	21	15
3.	5,0- 9,9	34	49	72	2	6	4	3	9	13
4.	10,0-19,9	15	48	50	-	3	2	1	13	6
5.	20,0-	5	18	41	1	1	3	1	5	14
BRINGEBÆRAREAL. DEKAR										
Area of raspberries. Decares										
ALLE	All	857	798	872	68	56	46	129	124	130
1.	1,0-1,9	559	435	462	40	29	26	72	70	67
2.	2,0-4,9	246	299	323	23	22	14	47	41	46
3.	5,0-9,9	40	56	72	5	3	6	8	11	13
4.	10,0-	12	8	15	-	2	-	2	2	4
TALET PÅ FRUKTTRE										
Number of fruit trees										
ALLE	All	5131	3108	2603	214	135	99	279	230	197
1.	50- 99	2263	930	584	65	36	17	78	58	36
2.	100- 199	1336	856	606	54	29	17	73	40	39
3.	200- 499	966	691	642	46	29	26	52	57	42
4.	500- 999	373	365	399	23	15	16	47	37	34
5.	1000-1999	133	183	245	14	13	10	12	24	31
6.	2000-	60	83	127	12	13	13	17	14	15
OPPGÅVEGIVARENS ALDER										
The respondents by age										
1.	-29	637	604	506	88	86	71	304	291	233
2.	30-39	1606	1705	1642	276	268	245	660	735	684
3.	40-49	3282	1867	1879	515	302	318	1129	709	710
4.	50-59	3933	2349	1615	624	408	279	1155	822	553
5.	60-69	2491	1806	1397	306	331	292	614	501	364
6.	70-	888	588	468	60	56	39	117	89	66
7.	UPERSONLEG OPPGÅVEGIVAR									
	Impersonal respondents	239	175	133	100	96	66	114	80	65

¹ OMFANG: SJÅ TEKSTDEL, SIDE 17.

Number of holdings, total, in horticulture and number of holdings in various sectors of horticulture.
County/various structural classifications. 1969, 1979 and 1985¹

JORDBÆR			SOLBÆR			BRINGEBÆR			FRUKTTRE			
1969	1979	1985	1969	1979	1985	1969	1979	1985	1969	1979	1985	
632	582	517	81	66	66	129	124	130	279	230	197	
235	182	171	34	17	18	51	41	53	92	91	81	1.
167	142	110	18	13	11	28	34	33	70	50	37	2.
125	122	113	11	15	14	22	28	20	57	43	31	3.
88	106	97	15	17	19	24	16	20	41	34	36	4.
15	25	21	3	4	2	4	4	4	15	9	7	5.
2	5	5	-	-	2	-	1	-	4	3	5	6.
3423	2564	2128	143	129	130	341	264	274	666	484	399	
1512	744	587	51	32	31	121	84	99	287	190	148	1.
1354	968	703	57	41	31	138	84	70	270	173	125	2.
384	450	382	24	30	30	55	52	45	71	59	56	3.
121	270	282	10	16	23	16	25	30	25	37	38	4.
52	132	174	1	10	15	11	19	30	13	25	32	5.
143	129	130	770	472	405	84	68	91	190	96	91	
74	45	44	495	194	142	40	26	30	115	44	28	1.
50	35	29	221	163	100	29	20	28	59	32	23	2.
14	17	19	34	49	72	9	8	11	10	10	21	3.
2	24	21	15	48	50	3	9	14	3	4	9	4.
3	8	17	5	18	41	3	5	8	3	6	10	5.
341	264	274	84	68	91	857	798	872	294	338	366	
193	125	130	47	34	53	559	435	462	192	185	200	1.
118	108	105	25	23	27	246	299	323	87	127	132	2.
25	25	28	8	10	10	40	56	72	11	23	30	3.
5	6	11	4	1	1	12	8	15	4	3	4	4.
666	484	399	190	96	91	294	338	366	5131	3108	2603	
151	82	50	57	26	15	81	71	70	2263	930	584	1.
143	85	50	50	20	14	73	104	76	1336	856	606	2.
166	108	82	45	22	27	79	97	121	966	691	642	3.
130	96	90	14	13	16	33	39	56	373	365	399	4.
55	74	80	13	7	12	15	15	31	133	183	245	5.
21	39	47	11	8	7	13	12	12	60	83	127	6.
181	159	134	32	23	23	42	42	72	165	149	133	1.
447	537	516	75	89	80	102	139	170	506	457	477	2.
932	591	551	179	116	122	211	164	221	1135	571	565	3.
1037	688	482	217	95	78	246	216	174	1489	776	522	4.
638	451	338	145	86	54	158	152	174	1145	731	554	5.
132	97	71	69	35	23	52	54	42	558	351	297	6.
48	41	36	49	28	25	41	31	19	126	72	55	7.

¹ Coverage: See Text, page 15.

